R I 69

Nr. 860.
På lager hos
SEM & STENERSEN A/S, OSLO
5—48.

1/1 Dagbok. nr. 3345 1949.
Nordhordland Sorenskriverembete

# Skyldskifte.

laurdag den 17 sept. 1949 heldt me underskrivne, som lensmannen hev nemnt opp, skyldskifte på garden Fløksand

g.nr. 5 b.nr. 5 med skyld mark 1,40 i Meland herad. Skyldskifte er kravt av Johannes O. Fløysand

som hev grunnboksheimel til den eigedomen skyldskiftet gjeld[1]).

Menns-oppnemningsbrevet fylgjer. Alle mennene hev gjeve skjønsmannslovnad, ~~så nær som~~[2])

Ved tenesta møtte[3]) Seljar og kjøparen Edvard Hansen. Andre interesserte var der ikkje.

Mennene valde til formann Johs. Walde.

Den fråskilde luten av garden hev desse

grensone: [4])

Grenselina tek til ved + i berg i parsellens austre skjøna og går i nordvestleg leid 17.3 m. + i berg, derfrå i mot sør 19.8 m. + i berg, herfrå mot aust 15.8 m. + i berg, går so i nordaustleg leid 14.7 m. til utgangspunktet.

1) Skyldskifte kan ikkje godtakast til tinglysing utan den som krev tenesta anten hev grunnboksheimel eller hev dom for at han eig den luten av eigedomen som han vil ha fråskilt (§ 1 i skylddelingslovi).

2) Hev nokon av mennene ikkje gjeve slik lovnad som er nemnd i § 20 i lov nr. 1 fra 1/6 1917, skal han skriva under ei utsegn med etternemnde ordlyd før tenesta vert haldi, og utsegna skal sendast til sorenskrivaren saman med skyldskiftet: «Eg lovar at eg i alle saker vil gjera mi teneste som skjønsmann samvitsfullt og etter beste overtyd.ing. den 19 N. N.»

3) Dersom nokon av grannane eller av dei partane skyldskiftet vedkjem, ikkje møter, må ein her opplysa om det er prova at dei hev fenge varsel, eller når det gjeld grannane, om det er rekna for uturvande å varsla dei (§§ 2 og 8 i skylddelingslovi).

4) Sjå §§ 3 og 8 i skylddelingslovi. Grensone mot granne-eigedomar skal ein ikkje skriva opp, dersom eigaren ikkje er til stades og samtykkjer i det som vert skrive. Skal mennene etter krav frå partane fastsetja sjølve markeskilet, samstundes med at dei sett i skyld (§ 7 i lovi), må dei her nemna det som trengst om det og. Det må ikkje stiftast bruksrett eller servitutt i skyldskiftet utan at heftet er vedteke skriftleg av den som har grunnboksheimelen til den eigedomen heftet skal liggja på (§ 5 i lovi).

a 39.